



## PRESSEMELDING

Til: Redaksjonar i Møre og Romsdal  
Frå: Nav Møre og Romsdal  
Dato: 27. februar 2025  
Emne: Pressemelding om sjukefråværet 4. kvartal 2024

### Nedgang i sjukefråværet i Møre og Romsdal i fjerde kvartal 2024

**Sjukefråværet i Møre og Romsdal var på 5,9 prosent i fjerde kvartal 2024, ein nedgang på 3,6 prosent samanlikna med same periode året før. Muskel- og skjelettlidingar utgjer framleis den største delen av sjukefråværet, medan fråværet grunna psykiske lidingar har hatt ein betydeleg auke sidan 2020.**

I 2024 var det legemeldte sjukefråværet i Møre og Romsdal 5,8 prosent. Fråværet 4. kvartal i 2024 var 5,9 prosent, ein nedgang på 3,6 prosent samanlikna med same kvartal året før. For kvinner var fråværet i fjerde kvartal 7,7 prosent medan det for menn var 4,4 prosent.

Sjukefråværet innan muskel- og skjelettlidingar utgjer 36,4 prosent av det totale sjukefråværet i 2024. Dette utgjer 595 041 tapte dagsverk, ei auke på 8 603 tapte dagsverk samanlikna med 2023. For fjerde kvartal i 2024 var fråværet i denne diagnosegruppa 153 926 tapte dagsverk, ei lita auke frå 152 494 tapte dagsverk i 2023.

Fråværet innan diagnosegruppa psykiske lidingar har hatt ein betydeleg auke sidan 2020, frå 80 903 tapte dagsverk i fjerde kvartal i 2020 til 101 701 i sama kvartal i 2024. Vi registrerer likevel at det er ein nedgang i fråværet i denne diagnosegruppa frå 102 448 tapte dagsverk i fjerde kvartal i 2023.


For sjukdomar i luftvegane har det vore store svingingar dei siste åra. Pandemien gav ein topp på 41 391 tapte dagsverk i fjerde kvartal i 2021. I fjerde kvartal i 2024 var talet 23 897 tapte dagsverk, som også er ein nedgang frå 2023.

I aldersgruppa 60-64 år var det ei auke i sjukefråværet på 3,4 prosent, medan det var ein nedgang i fråværet for alle andre aldersgrupper i fjerde kvartal i 2024. Størst nedgang var det i gruppa 40-44 år med 9,1 prosent.


Helse- og sosialtenester var næringen med det høgste samla fråværet i 2024 med 8,2 prosent. I denne næringen var det totalt nær 500 000 tapte dagsverk i 2024.

Verksemder innan bygg- og anlegg hadde eit fråværet på 5,6 prosent i 2024, ei auke på 4,8 prosent. Industrinæringa hadde eit fråværet på 4,6 prosent, ein nedgang på 3,2 prosent samanlikna med 2023.

**Figur 1: Sjukefråværet i Møre og Romsdal og landet i 4. kvartal sidan 2015 – prosent**



**Figur 2: Sjukefråværet i Møre og Romsdal og landet sidan 1. kvartal 2015 – prosent**



**Tabell 1: Del av sjukefråværet i Møre og Romsdal 4. kvartal 2020-2024, i prosent etter diagnose**

4. kvartal	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Til saman</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>
Allment og uspesifisert	4,9	5,6	7	7,7	7,6
Andre lidingar	9,1	8,1	8,2	8	8,3
Hjarte- og karsjukdomar	4,1	3,7	3,3	3	3,1
Muskel-/skjelettlidningar	40,3	38	36,2	35,4	36,2
Psykiske lidingar	20,7	19,9	22,9	23,8	23,9
Svangerskapssjukdomar	4,9	4,5	4,1	4,5	4,9
Sjukdom i fordøyingsorgana	4,8	4,6	4,8	4,6	4,6
Sjukdommar i luftvegane	5	9,5	7,9	7,1	5,6
Sjukdommar i nervesystemet	6,1	5,9	5,5	5,7	5,8

**Tabell 2: Sjukefråværet i Møre og Romsdal pr. år i 2020-2024 i prosent etter næringskategori**

	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Til saman for året</b>	<b>5,4</b>	<b>5,6</b>	<b>5,7</b>	<b>5,8</b>	<b>5,8</b>
Bergverksdrift og utvinning	5,0	5,5	5,9	5,3	5,2
Bygge- og anleggsverksemd	5,0	4,8	5,1	5,4	5,6
Elektrisitet-, vann og renovasjon	3,6	4,0	4,6	4,0	4,0
Fagleg, vitenskapleg og teknisk tenesteyting	3,6	3,9	3,9	3,8	4,3
Finansierings- og forsikringsverksemd	3,9	3,4	4,2	4,2	4,2
Forretningsmessig tenesteyting	5,7	5,7	5,8	5,9	5,9
Helse- og sosialtenester	7,9	8,3	8,2	8,2	8,2
Industri	4,2	4,5	4,7	4,7	4,6
Informasjon og kommunikasjon	2,8	3,1	3,0	3,3	3,4
Jordbruk, skogbruk og fiske	4,2	4,2	4,0	4,5	4,7
Off. administrasjon, forsvar, sosialforsikring	4,8	5,0	5,4	5,1	5,1
Omsetning og drift av fast eigedom	4,3	3,9	4,2	4,6	4,7
Overnattings- og serveringsverksemd	5,0	4,7	4,4	4,8	5,2
Private tenester elles	5,4	5,5	5,7	5,5	5,9
Transport og lagring	5,7	5,9	5,7	6,0	5,8
Ukjent	4,9	3,4	4,3	2,9	2,7
Undervisning	5,3	5,7	6,1	5,8	6,0
Varehandel, reparasjon av motorvogner	5,2	5,0	5,0	5,2	5,2

**Tabell 3: Sjukefråværet i Møre og Romsdal 4. kvartal 2020-2024 i prosent etter alder**

4. kvartal	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Til saman</b>	<b>5,6</b>	<b>6,0</b>	<b>5,9</b>	<b>6,1</b>	<b>5,9</b>
16-19 år	1,5	2,2	2,0	2,1	2,1
20-24 år	3,1	3,8	3,9	3,9	3,7
25-29 år	4,9	5,3	5,5	5,8	5,7
30-34 år	5,6	6,1	6,1	6,6	6,3
35-39 år	5,3	6,0	6,1	6,4	6,3
40-44 år	5,6	6,2	5,8	6,2	5,6
45-49 år	5,6	6,0	6,0	6,1	5,8
50-54 år	6,2	6,5	6,5	6,3	6,2
55-59 år	6,6	6,5	6,4	6,9	6,4
60-64 år	7,8	7,7	7,5	7,1	7,4
65-69 år	6,6	7,0	6,3	6,8	6,3

Tabell 4: Sjukefråvær i Møre og Romsdal 4. kvartal 2020-2024 i prosent etter fylker og kommunar

4. kvartal	2020	2021	2022	2023	2024	Endring siste år
Landet	5,4 %	5,7 %	5,7 %	6,0 %	5,8 %	-2,8 %
Agder	5,8 %	6,1 %	6,1 %	6,4 %	6,1 %	-3,8 %
Akershus	5,1 %	5,6 %	5,7 %	6,0 %	5,9 %	-1,9 %
Buskerud	5,6 %	5,8 %	6,0 %	6,3 %	5,9 %	-5,4 %
Finnmark	6,4 %	6,6 %	6,7 %	6,7 %	6,6 %	-1,2 %
Innlandet	5,8 %	6,1 %	6,0 %	6,2 %	6,1 %	-2,5 %
Møre og Romsdal	5,6 %	6,0 %	5,9 %	6,1 %	5,9 %	-3,6 %
Nordland	6,4 %	6,7 %	6,4 %	6,5 %	6,5 %	-0,1 %
Oslo	4,2 %	4,6 %	4,8 %	5,2 %	5,0 %	-3,7 %
Rogaland	4,9 %	5,2 %	5,1 %	5,2 %	5,1 %	-2,5 %
Telemark	5,8 %	6,1 %	6,1 %	6,4 %	6,1 %	-4,9 %
Troms	6,2 %	6,2 %	6,3 %	6,5 %	6,6 %	0,8 %
Trøndelag	5,5 %	5,8 %	5,7 %	6,1 %	5,9 %	-2,9 %
Vestfold	5,3 %	5,7 %	5,8 %	6,3 %	6,0 %	-3,8 %
Vestland	5,4 %	5,9 %	5,9 %	6,1 %	5,9 %	-2,8 %
Østfold	6,0 %	6,3 %	6,6 %	7,0 %	6,9 %	-1,7 %
1505 Kristiansund	6,0 %	6,3 %	6,2 %	6,3 %	5,9 %	-6,1 %
1506 Molde	5,3 %	5,6 %	5,9 %	6,0 %	5,6 %	-6,8 %
1508 Ålesund					5,6 %	
1511 Vanylven	8,0 %	9,5 %	8,2 %	7,7 %	7,6 %	-1,6 %
1514 Sande	6,2 %	7,0 %	6,4 %	6,1 %	5,4 %	-12,7 %
1515 Herøy	6,0 %	6,4 %	5,8 %	5,5 %	6,0 %	8,8 %
1516 Ulstein	4,8 %	5,5 %	5,1 %	5,1 %	5,4 %	4,7 %
1517 Hareid	6,0 %	6,7 %	6,5 %	6,0 %	6,4 %	7,7 %
1520 Ørsta	6,5 %	6,4 %	6,0 %	6,1 %	6,6 %	7,5 %
1525 Stranda	5,3 %	6,5 %	6,1 %	6,7 %	5,6 %	-16,1 %
1528 Sykkylven	5,2 %	5,9 %	6,1 %	6,8 %	6,1 %	-10,4 %
1531 Sula	5,7 %	6,1 %	5,7 %	6,1 %	6,3 %	3,0 %
1532 Giske	5,8 %	6,3 %	6,8 %	6,8 %	6,6 %	-2,6 %
1535 Vestnes	6,6 %	6,2 %	6,7 %	6,5 %	6,3 %	-2,4 %
1539 Rauma	5,5 %	6,1 %	5,8 %	5,9 %	6,2 %	5,5 %
1547 Aukra	6,0 %	6,9 %	6,1 %	6,6 %	6,0 %	-10,2 %
1554 Averøy	6,3 %	7,5 %	5,6 %	7,0 %	6,2 %	-11,3 %
1557 Gjemnes	5,8 %	6,3 %	5,3 %	6,6 %	5,7 %	-13,4 %
1560 Tingvoll	6,5 %	5,3 %	7,1 %	6,3 %	7,0 %	10,9 %
1563 Sunndal	4,1 %	4,1 %	4,4 %	4,6 %	4,6 %	0,6 %
1566 Surnadal	5,7 %	6,3 %	5,7 %	5,4 %	5,8 %	7,6 %
1573 Smøla	5,9 %	6,5 %	5,7 %	7,9 %	5,7 %	-27,7 %
1576 Aure	6,0 %	5,5 %	5,6 %	6,2 %	4,9 %	-22,0 %
1577 Volda	5,6 %	7,1 %	6,1 %	6,6 %	6,8 %	2,5 %
1578 Fjord	6,0 %	6,5 %	6,2 %	7,8 %	6,7 %	-14,6 %
1579 Hustadvika	6,0 %	6,6 %	6,0 %	6,1 %	6,4 %	4,8 %
1580 Haram					5,9 %	
Haram og Ålesund	5,4 %	5,6 %	5,8 %	6,1 %	5,6 %	-7,5 %